

Dette skrivet vert sendt til Fylkeseldrerådet i Vestland, fylkespolitikarar frå Alver, fylkestannlegen, leiaren i Eldrerådet i Alver og leiaren i utval for helse og omsorg i Alver.

## **TANNHELSETENESTA PÅ LINDÅS (Lindås Nærserter)**

Fylkestannlegen i Vestland har gode lokaler i Lindås Nærserter med fire behandlingsplassar, men det manglar tannlegar. Lindås pensjonistlag er uroa over situasjonen. Mange av laget sine medlemmar får no melding om at dei må finna seg ny tannlege. Dette er heimebuande eldre og mange av dei kvir seg for ei lang reise til ein ny klinikk. Me er informert om at det er lyst ut stilling som tannlege på Lindås tannklinikk, men etter som me kjenner til er det dårleg med søkjarar.

Historisk har det vore tannlegekontor på Lindås i meir enn 60 år. Distrikta som sokna til tannlegen på Lindås var Lindås Ungdomsskulekrins. (Nordre del av gamle Lindås kommune) Etter som tannklinikkane for kommunane Fedje, Austrheim, Gulen og delar av Masfjorden er avvikla er det Lindås tannklinikk som skal behandla desse «kundane». Tannklinikken på Lindås manglar kapasitet. Dei prioriterte gruppene frå dei nedlagde klinikkane får reiser på fleire timar for å nå tannklinikken på Lindås. Vaksne må ta ein dag fri frå arbeid for å fylgja barn/sjuka til tannlege. Dette er dårleg samfunnsøkonomi.

## **Prioriterte grupper** *(henta frå fylkeskommunen si heimeside)*

Desse har krav på gratis tannbehandling:

- Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Eldre, uføre og kronisk sjuka med opphald i somatiske/psykiatriske institusjonar som sjukeheim, aldersheim og sjukehus
- Pasientar som mottar heimebaserte tenester

Eldre heimebuande er ikkje ei prioritert gruppe for fylkestannlegen, slik burde det ikkje vera. Ei god og lett tilgjengeleg tannhelseteneste bør gjelda for alle uansett alder. Politikarar lika å snakke om eit aldersvennleg samfunn. Slik det er no er det ikkje aldersvennleg. Lindås pensjonistlag forventar ikkje at tannbehandling er gratis, men den må verta meir tilgjengeleg i framtida. Ei god tannhelse aukar livekvaliteten for oss alle. Slik det er no får heller ikkje dei prioriterte gruppene den behandlinga dei har krav på. Dette er alvorleg. Det er minst fem institusjonar/aldersheimar som soknar til Lindås tannklinikk.

Er fylkestannlegen trygg på at bebuarane på institusjonar/aldersheimar får den tannhelsehjelpa dei har krav på?

Kan fylkestannlegen iverksette stimulerande tiltak midlertidig eller permanent for å løysa den «krisa» det er for brukarane av Lindås tannklinikk ????????

Helsing

Lindås pensjonistlag

Helge Fjellanger, leiar